

Osterøy Idrottslag

ÅRSMELDING 1979

avd. Valestrand.

Gruppestyre 1979:

Formann : Ann-Mari Øksnes,
Nestform. : Svein Raknes
Kasserar: Klara Skår
Skrivar : Ottar Tepstad
Styremedl : Karl Johan Reigstad
Målfrid Reigstad.

Friidrett ; Olav Loftås
Håndball : Elin Burkeland
Ski : Johannes Loftås

Gruppa har hatt 11 styremøter.

Idrotten på Valestrand i sesongen 1979 har hatt stor framgang, ved friidrottsgruppa og skigruppa, då me her har vore heldige og hatt gode og aktive trenarar.

Håndballgruppa er no starta opp for fullt med tanke for innmelding i serien med eit jentelag. Damehåndball vert dreve som eit trimlag. Herretrimmen er komen i gang, men her håpar me på betre oppslutnad. Gruppa sitt største ynskje er å få senda intereserte på instruktørkurs, lik at dei trenarane me har kan få meir hjelp til dei einskilde gruppene. Økonomisk har gruppa arbeidd bra, dette framgår av rekneskapen.

Styret vil ved dette takka aktive og trenarar for godt samarbeid og god framgang for året som har gått, og håpar på forsatt stor framgang for komande sesong.

Valestrandfossen 11/11-79

Ottar Tepstad
skrivar.

VALESTRANDSFOSSEN IDRETTSFORENING OG ØSTERØY IDROTTSLAG
 AVDELING VALESTRAND bed med dette inn foreldre og andre
 interesserte til INFORMASJONS- OG DISKUSJONSMØTE OM IDRETTE
 I VALESTRAND på Valestrand skule tyndag 16. oktober kl. 19.30.

Leiarar frå dei to laga orienterer om dei tilboda laga har
 for komande sesong og spør: Kva har vore gjort feil, og kva
 har vore bra i sesongen som gjekk? Kva kan gjerast for å
 betre samarbeidet med foreldre (Korleis få fleire foreldre
 og andre med som leiarar)?

Eitt lag med alle idrettar i Valestrand?

Prøveordninga med avdeling Valestrand går ut etter to år i
 haust. Skal ordninga verta permanent, eller skal alle idretts-
 greiner skiljast ut frå Østerøy Idrottslag og samlast i eitt
 lag i bygda (VIP)?

Me ber alle med interesse for desse spørsmåla (og det bør vera
 mange!) møte fram og seia si meining. Det vil vera til stor
 nytte og inspirasjon for dei som skal stå i brodden for
 idretten (i eitt eller to lag) i bygda i åra som kjem.

Valestrandfosse Idrettsforening
 Svein Burkeland (sign.)
 Formann

Østerøy Idrottslag avd. Valestrand
 Ann Mari Sjønes (sign.)
 Formann